

## **Grytastranda Montessoribarnehage søker dyktige, engasjerte og friluftsglade barne- og ungdomsarbeidarar/barnehageassistentar:**

*Likar du utfordringar? Kan du tenke deg å vere med på å starte noko nytt og spanande? Då har du ein unik sjanse no! Grytastranda Montessoribarnehage skal opne august 2019. Barnehagen er tilknytta Grytastranda Montessoriskule, og saman vil dei utgjere eit Oppveksttun. Dette blir den første Montessoribarnehagen i Nye Ålesund, og som barnehageassistent får du vere med på å forme ein heilt ny barnehage som skal drivast i tråd med Maria Montessori sine pedagogiske prinsipp med tilpassa miljø, friheit til å velge etter interesse og stort fokus på læreglede. Barnehagen baserer seg på å vere mykje ute.*

*Som barnehageassistent ved Grytastranda Montessoribarnehage vil du vere ein svært viktig person for miljøet, for dine medarbeidarar og for barna.*

### **Arbeidsoppgåver:**

Arbeidsoppgåvene vil vere varierte, men hovudoppgåvene er:

- Sørge for at kvart enkelt barn får god omsorg og får utvikle seg ut i frå sine eigne føresetnadar, behov og interesser.
- Ta aktivt del i kvardagsaktivitetane på avdelinga.
- Tilegne deg kunnskap om Maria Montessori sin pedagogiske metode.
- Bidra til ein god og trygg barnehage og eit godt samarbeid mellom heim og barnehage
- Vere med å bidra til eit godt arbeidsmiljø og vere ein del av eit team.

### **Kvalifikasjonar:**

- Erfaring frå barnehage
- Ønskeleg med fagbrev som barne- og ungdomsarbeider.
- Erfaring eller interesse for montessoripedagogikk.
- Du må vere ein aktiv vaksen som ser kvart enkelt barn og som høyrer og bryr seg om kva barna ønsker å formidle.
- Gode norskkunnskapar munnleg og skriftleg
- Politiattest av nyere dato må leveres før tiltredelse.

### **Personlege eigenskapar:**

- Nysgjerrigheit, engasjement og evne til å inspirere
- Du har godt humør og arbeidsglede
- Leiken, kreativ og glad i barn
- Liker godt å vere ute og vere på tur med barn
- Du har høg arbeidskapasitet og positiv haldning
- Fagleg bevisstheit, strukturert, løysingsfokuser, fleksibel, trivast i eit hektisk miljø og liker å yte det lille ekstra.
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt.

**Vi kan bl.a. tilby:**

- Store fine lokaler og uteområde som er tilpassa i forhold til montessoripedagogikken
- Nært fagleg samarbeid med skulen og felles pauserom
- Samarbeid med andre Montessoribarnehagar
- Lønn etter avtale
- Engasjert barnehagestyre, foreldre og bygdefolk

**Praktiske opplysningar:**

Ansettelsesform: Fast

Omfang: 100%, evt lavare

Søknadsfrist: 5. april 2019

Oppstart: Etter avtale, august 2019

Arbeidsstad: Grytastranda oppveksttun

**Søknad, cv og referansar sendast til:**

Kontaktperson: Ragnhild Skogrand

Tittel: Rektor

Adresse: Grytastranda montessoriskule, Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne

Telefon: 70212848

E-post: [ragnhild@gsmontessori.no](mailto:ragnhild@gsmontessori.no)

**Om bedrifta**

Heimeside: [www.grytastrandamontessori.no](http://www.grytastrandamontessori.no)